



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 27.09.2016

Sak nr.: 16/5553-4

Internt l.nr.: 32458/16

Sak: 76/16

Tittel: Høring - nytt system for kapasitetsjusteringar i lakse- og aureoppdrett

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det er eit rettmessig krav frå styresmaktene at miljøutfordringane må løysast før vidare vekst.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at modellen som skal predikere lusepåverknaden i eit produksjonsområde må vere ferdig utvikla før innføring av det nye vekstsystemet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreslår å kalle det beredskapsområde i staden for produksjonsområde og tillate vekst til alle anna kvart år. Dersom modelleringa til Havforskningsinstituttet og ev andre avdekker store utfordringar i eit område, trer ein inn med tiltak i det bestemte beredskapsområdet.

Endringsframlegg:

Høgre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg:

Ber om at saka om kapasitetsjustering blir konsekvensutgreidd før ordning trer i kraft.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 4:

Modellen skal evaluerast etter 5 år for å sjå om den faktisk bidreg til forbetra miljøtilstand.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Høgre og Framstegspartiet fekk 3 røyster (H og Frp) og fall.

Endringsframlegget frå Senterpartiet til eit nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteken endring til eit nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det er eit rettmessig krav frå styresmaktene at miljøutfordringane må løysast før vidare vekst.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at modellen som skal predikere lusepåverknaden i eit produksjonsområde må vere ferdig utvikla før innføring av det nye vekstsystemet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreslår å kalle det beredskapsområde i staden for produksjonsområde og tillate vekst til alle anna kvart år. Dersom modelleringa til Havforskningsinstituttet og ev andre avdekker store utfordringar i eit område, trer ein inn med tiltak i det bestemte beredskapsområdet.
4. Modellen skal evaluerast etter 5 år for å sjå om den faktisk bidreg til forbetra miljøtilstand.